

Fjordtun kafé  
v/Berit Lygre  
Austfjordvegen 2728  
5981 Masfjordnes

F

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

### Søknad om kompensasjon for inntektstap i samband med smittevernreglar

Viser til kunngjering på heimesida til Masfjorden kommune. Fjordtun kafé AS søker med dette om midlar som kompensasjon for inntektstap i samband med koronarestriksjonar og smitteverntiltak.

Sidan 12. 03.20 har bedrifta hatt lågare inntekter p.g.a:

- \*fleire avlyste arrangement, m.a. konsertar, quizkveldar, aktivitetkveldar m.m.
- \*i samband med punktet over: mindre inntekt av alkoholsal (ei tid også skjenkestopp)
- \*færre faste arrangement, først og fremst seniorsamlingar
- \*generelt færre kafégjester og mindre sal av mat
- \*avlyste, førehandstinga private arrangement, t.d. barnedåp og åremålsdagar.

Vedlagde dokumentasjon frå Skandi Rekneskap syner at samanlikna med perioden i fjor, er inntekta i hittil i år (dvs. januar -april) kr 13.705 lågare enn i fjor. Dette er i utgangspunktet den perioden med lågast inntening uansett, då kaféen held stengt i januar og har lite aktivitet også i februar. Det er difor meir interessant å sjå på resultatet etter 6. rekneskapsperiode i fjor, der det går fram at skilnaden i inntekter frå 2019 til 2020 er på heile kr 157 456 kr. (439 732 - 282 276)

På bakgrunn av desse tala søker eg om ein kompensasjon for deler av dette inntektstapet på kr. 30.000.

Eg har dei siste åra motteke tilsaman kr. 30.000,- i offentleg stønad i form av kulturtiltaksmidlar frå Masfjorden kommune.

Skatteattest er bestilt, og vil bli ettersendt elektronisk så snart eg har tilgang til denne.

Masfjordnes 18.06.21



Berit Lygre, dagleg leiar Fjordtun kafé AS

2 vedlegg